

# FØRESEGNER

## DETALJREGULERINGSPLAN FOR FORTAU FRÅ RV15 MOT ØVRE OKSHOLA, GBNR. 108/127 M.FL.

Føresegner dagsett: 23.08.13, vedtekne i sak K075/13 26.09.13

Plankart dagsett: 23.08.13, vedtatt i sak K075/13 26.09.13

### 1. GENERELT

Desse føresegnene gjeld for området innanfor plangrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegner.

Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av kommunestyret i Vågsøy.

Etter at plankartet med desse føresegner er vedtekne, er det i planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.

### 2. REGULERINGSFØREMÅL

Området er regulert til følgjande formål:

#### **Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl §12.5 nr.2)**

Køyreveg, offentlig

Fortau

Annan veggrunn tekniske anlegg

#### **Omsynssoner (pbl §12.6)**

Sikringssone, frisikt

### 3. FELLES FØRESEGNER

#### 3.1. Krav til byggesøknad

Søknad om løyve til tiltak skal innehalde ein detaljert, kotesett situasjonsplan. Denne skal vise planlagt anlegg og handsaming av terreng. Planen skal vere målsatt.

Utforming og oppsetjing av skilt og lys skal dokumenterast i byggesøknad.

#### 3.2. Automatisk freda kulturminner

Om det i samband med gravearbeida vert gjort funn av gjenstandar eller konstruksjonar, pliktar ein å stoppe arbeidet snarast og underrette kulturavdelinga i fylket for avklaring, jf. kulturminnelova §8 andre ledd.

#### 3.3. Universell utforming

Planlegging og utbygging skal basere seg på prinsippet om universell utforming/tilgjenge for alle.

Byggeområde, trafikkområde og offentlege uterom skal utformast med tilfredsstillande tilkomst.

Offentlege uterom og gangvegar skal utformast slik at personar med nedsett funksjonsevne lett kjem seg fram.

Universell utforming skal dokumenterast i byggesøknad.

#### 3.4. Estetisk kvalitet

Bygg, anlegg og uteområde skal tilfredsstillende rimelege omsyn til estetisk godt uttrykk både i seg sjølv og i forhold til omgjevnadene. Tiltak skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjon og med respekt for naturgitte og bygde omgjevnader.

Offentlege uterom skal ha arkitektonisk kvalitet. I dette ligg det at det skal vere kvalitet både teknisk, funksjonelt og visuelt. For utomhusanlegg skal det leggast vekt på miljømessige kvalitetar ved utforming, val av materialar, vegetasjon og lyssetting.

### 4. SAMFERDELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

#### 4.1. Køyreveg – o\_veg

Arealet er avsett til offentlig køyreveg. Standard for vegen er påført plankartet. Vegen skal byggast med tilhøyrande grøfter, skjeringar og fyllingar. Det er tillate å leggje rør og kablar i vegbana.

#### 4.2. Annan veggrunn – tekniske anlegg

Dette føremålet omfattar areal som naturleg høyrer til vegen som grøft, skjering, fylling, mur, rekkverk m.m.

I samband med utbygging av vegen, skal tilstøytande areal setjast istand igjen, inkludert eventuell eksisterande avkøyrslar og gangtilkomst.

### 5. OMSYNSSONE

### **5.1. Frisiktsone**

I området mellom frisiktlina og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane. Vegetasjon kan ryddast, tre hoggast og fjell sprengast for å halde frisiktsona oversiktleg. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona, dersom dei ikkje hindrar fri sikt.